

Havforsker Rikard Ljøen

Det er med sorg vi har motteke meldinga om at Rikard Ljøen er død. Eit rikt utrusta og romsleg menneske, ein framifrå medarbeidar og vitkapsmann er ikkje meir

Ljøen var frå Åkra på Karmøy. Etter ein periode som lærar i heimbygda tok han til med studiar ved Universitetet i Oslo, som vart avbrotne ved at han vart teken av okkupasjonsmakta og sett i fangeleir i lang tid. Han tok oppatt og gjorde ferdig studiane etter krigen og vart i 1954 tilsett som forskar ved Havforskningsinstituttet med spesialfelt fysisk oseanografi. Bortsett frå ein periode i 1663-1964, då han arbeidde i Venezuela, hadde han arbeidsstad ved havforskningsinstituttet til han slutta ved oppnådd aldersgrense i 1987.

Som vitkapsmann la Ljøen særleg vekt på at arbeidet hans måtte ha betydning for norsk fiske. I framifrå analyrar viste han korleis endringar i hav-

miljø og havklima verka inn på fordelinga av fisk og skaldyr og andre organismar som er viktige for utbyttet av fisket. Åleine og saman med medarbeidarar, nasjonalt og internasjonalt, har han publisert ei lang rekkje arbeid som er vesentlege bidrag til vår kunnskap om prosessane som fører til endringar i naturgrunnlaget for norsk fiske. Hans største aktivitet som vitkapsmann var hans nyfikne og hans evne til å bryta ned tilsynelatande kompliserte problemstillingar i enkle spørsmål, spørsmål som han belyste med flid og framfor alt med krav til pinleg nøyaktigheit.

På to felt som idag nærmast er sjølv-sagde innafor norsk marin forskning kom Ljøen særleg tidleg med i arbeidet; forureining og fjernobservasjon. Allereide i 1960-åra var han ein nøkkelperson ved instituttet på begge desse områda. Han var medlem av den første forkargruppa som vart oppretta innan

forureining og deltok også i nasjonale utvalg som utgreidde Noregs behov for fjernobservasjonar for ulike føremål. Ljøen såg klårt kva nytte f.eks. satellittar kunne tilføra hav- og fiskeriforskning og arbeidde målmedvite for at denne nye teknikken skulle takast i bruk.

For alle oss fekk gleda av å arbeida saman med han er det likevel først og fremst mennesket Rikard Ljøen vi vil hugsa. Lun, romsleg og hjelpsam i alle tilhøve, ein medarbeidar og ven som aldri sparde seg og som gjorde arbeid og samarbeid til ei lyst for seg sjølv og andre. Vi minnest han med glede og takksemd, og deler eit djupt sagn saman med hans næraste.

*På vegne av
medarbeidarar og vener ved
Havforskningsinstituttet
Odd Nakken*

Jens Konrad Eggvin

Jens Konrad Eggvin var født i Borge i Lofoten i 1899. Han blev cand. real i 1929 og dr. philos i 1941.

Eggvin deltok i den fjerde «Norvegia» ekspedisjonen i Antarktis som foretok omseiling av hele kontinentet i 1930-1931. Han blev senere knyttet til Fiskeridirektoratet og leder for de oseanografiske undersøkelserne. Han blev vitenskapelig konsulent i 1939.

Eggvin har ledet en lang rekke oseanografiske forskningsstokter langs norskekysten og i Norskehavet. Allerede i midten av 1930-årene opprettet han en rekke faste oseanografiske stasjoner på kysten fra Færder til Norkapp og han satte også igang den såkalte «termografjenesten» med temperaturregistrering og vannprøveinnsamling fra

rutefartøyer som trafikerer norskekysten og Nordsjøen. Både de faste stasjonene og termografjenesten er fortsatt i drift og de dataseriene som på denne måten er brakt til veie er av uvurderlig betydning for studier av klimavekslinger våre farvann.

Eggvin opprettet videre et oseanografisk kartotek som omfattet alle historiske data innsamlet av norske fartøyer. Dette blev den historiske basis for den Databank som idag forvaltes av Norsk Oseanografisk Datasenter (NOD).

Eggvin tok opp arbeidet med å forutsette fiskeinnsiget til Lofoten og Finnmark ut fra kjennskap til oseanografiske forhold. Han arbeidet sterkt, gjennom det internasjonale havforskningsråd (ICES), for å få opprettet et internasjonalt

observasjonsnett med henblikk på varsling av de oseanografiske forhold.

I 1960-årene ledet Eggvin et prøveprosjekt for overvåking av Nordsjøen. Havforskningsinstituttet i Bergen mottok telegrafisk data fra alle land som målte temperaturer i området og utarbeidet karter med kommentarer med 10 dagers mellomrom gjennom hele tre måneder. Rapporten med kartserier og kommentarer vakte stor oppmerksomhet i ICES, men blev ikke fulgt opp. Idag er spørsmålet på ny aktuelt, et norsk «havovervåking og varsling» (HOV) er under etablering. Det er synd at Eggvin ikke fikk oppleve dette. Han var på mange måter en foregangsmann.

Lars Midttun